

---

**Fra:** Benjamin Stephen Hicks  
**Sendt:** 22. april 2016 12:38  
**Til:** amund@strangehagen.no  
**Kopi:** Siril Therese Sylta; Therese Urdahl Braseth  
**Emne:** Gbnr 239/11 Eide Ytre sak 16/678

Viser til telefonsamtale i dag den 22.04.2016 vedrørende søknad om rammeløyve sak 16/678 – Gbnr 239/11 i Lindås kommune.

Som sagt på telefonen ynskjer Lindås kommune å gje rammeløyve i saka.

Sakshandsamar er positiv til å dispensere frå talet på etasjar for å få til ei pulttakløysing. Etter synfaring på staden ser vi at eksisterande uthus er i svært dårlig forfatning.

Vi reknar difor at heile bygningsmassen vil måtte rivast, og at det soleis er tale om oppføring av nytt bygg. Vi er positive til oppføring av nytt uthus dersom taket får same takvinkel/takform som bustaden. Uthuset vil då bestå berre av kjellar og første etasje.

Kommunen som forvaltningsmynde er ikkje positiv til etablering av tilkomstvei gjennom parkeringsplassen i nord og legalisering av veg på LNF og i 100 metersbeltet og fram til tomta. Kommunen som grunneigar av parkeringsplassen vil heller ikkje gje løyve til dette. Egedomsavdelinga har sagt seg villig til at eigar av gbnr 239/11 kan bruke dei to parkeringsplassane som ligg nærmast den regulerte gangvegen, men det må innhentast skriftleg løyve/avtale frå dei. Dette må gjerast før rammesøknaden kan handsamast.



Tilkomsten til gbnr 239/11 vil då måtte skje via regulert gangveg (fellesareal) i samsvar med plan. Den regulerte gangvegen avvik frå tomtegrensene. Dersom det er eit sterkt ynskje om at gangvegen skal fylge gjeldande tomtegrenser (slik at gangvegen ikkje vert ført over bnr 42 eller 94) ser vi på dette som ein mogleg løysing, men då må det søkast om dispensasjon. Dersom det ikkje vert søkt om dispensasjon må det innhentast løyve frå bnr. 42 og 94 til å anlegge delar av gangvegen på deira eigedom.

Å etablere gangveg og parkeringsplass er i seg sjølv søknadspliktig. Du har moglegheit til å søke på denne løysinga ved å sende inn eit revisert teikningsmateriale som omfattar etablering av gangveg og parkeringsplass (husk endra situasjonsplan, lengdeprofilar og snitt).

Då saka ikkje er handsama per dags dato vil vi gjere deg merksam på etter kommuens gebyrregulativ skal det gis gebyr for kvar dispensasjon og tiltak.

Når etablering av tilkomstveg aust for parkeringsplassen ikkje lar seg gjennomføre, vil dispensasjonssøknader knytt til legalisering av vegen medføre 2 x dispensasjonsgebyr i tillegg til legalisering/endring av eksisterande veg (ca 30.000?).

Dersom denne delen av søknaden vert trekt, vil det heller ikkje bli gebyrlagt. Dette til orientering.

Vi gjer merksam på at søknadene ikkje kan handsamast så lenge det privatrettslege ikkje er på plass.

Vi ber om dykker tilbakemelding på dette skrivet snarast.

Med helsing,

---

**Benjamin Hicks**

Jurist  
Byggesak

[postmottak@lindas.kommune.no](mailto:postmottak@lindas.kommune.no)

**Lindås kommune**

Kvernhusmyrane 20  
NO-5914 Isdalstø  
Telefonnummer +47 56375000